

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

| Saksnummer | Utval | Vedtaksdato |
|------------|-----------------------|-------------|
| 003/19 | Vilt- og fiskeutvalet | 10.01.2019 |

Saksbehandlar: Halvorsen, Gitte P
Sak - journalpost: 19/8 - 2019000047

Mål for forvaltning av hjort i Vindafjord kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Vindafjord kommune vidarefører dei overordna forvaltningsmåla for hjort vedtatt 28.01.2014.

Vindafjord kommune går inn for å nytte «Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023» som styringsverktøy for forvaltninga av hjort i kommunen.

10.01.2019 Vilt- og fiskeutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedtatt samrøystes (4 av 4 røyster).

VILT-003/19 Vedtak:

Vindafjord kommune vidarefører dei overordna forvaltningsmåla for hjort vedtatt 28.01.2014.

Vindafjord kommune går inn for å nytte «Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023» som styringsverktøy for forvaltninga av hjort i kommunen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (2016)

Saka gjeld:

Revisjon av mål for forvaltning av hjort i Vindafjord

Saksopplysningar:

I følgje Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 3, skal kommunane vedta mål for utviklinga av bestandane av hjortevilt det er opna for jakt på. Måla skal mellom anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Vindafjord kommune vedtok 28.01.2014 følgjande overordna mål som forvaltningsmål for hjort i Vindafjord:

- Bestandane av hjort skal stabiliserast innanfor eit nivå som til einkvar tid vert vurdert som berekraftig av kommunen, både i høve til bestandens kvalitet og i høve til verksemda i andre samfunnssektorar
- Hjortebestandane skal ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur og oppretthalde sin genetiske variasjon
- Hjortebestandane skal ikkje representere ein trussel mot anna biologisk mangfald
- Hjortebestandane skal gi mest mogeleg stabil avkastning som grunnlag for ein sunn økonomisk og rekreasjonsmessig utnytting
- Regionen har som overordna mål at ein ønskjer større dyr i framtida (økt kroppsvekt/slaktevekt)
- Regionen har også som mål å redusere skadeomfanget knytt til skog og jord og ha færre trafikkdrepne hjort.

Kommunen vedtok samtidig å slutte seg til overordna, langsiktige og kortsiktige mål i samsvar med «Hjorteviltplan for Det interkommunale Hjorteviltutvalet 2013-2015», vedtatt av Det interkommunale hjorteviltutvalet i 2013.

Det har ikkje vore gjennomført evaluering av hjorteviltplanen for Det interkommunale hjorteviltutvalet etter av planen vart vedtatt. Hjorteviltutvalet valde derfor i 2018 ut 4 av delmåla frå planen for evaluering i forhold til måloppnåing:

- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden
- Forbetre kjønnsbalansen i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Auka produktivitet i bestanden

Etter oppdrag frå Hjorteviltutvalet har Norsk Hjortesenter v/ Magnus Frøyen gjort ei vurdering av bestandsutviklinga i forhold til desse utvalde måla. Som bakgrunn for Norsk Hjortesenter sine vurderingar er nytta nyaste tilgjengelege data, m.a. Sett hjort, fellingsstatistikk og statistikk over trafikkdrepne dyr. Vurderingane, med tilrådingar for forvaltninga av hjorten i regionen vidare framover dei fyrste 5 åra, vart presenterte i eit utkast til «Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023». Vindafjord kommune ga følgjande innspel til utkastet: *Vilt- og fiskeutvalet meiner utkastet er godt gjennomarbeidd og at det kan verte eit godt styringsverktøy i arbeidet med å nå måla for hjorteforvaltninga.*

«Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023» vart vedtatt av Det interkommunale hjorteviltutvalet på møte 30.08.2018 og sendt kommunane med tilråding om å nytte denne i si forvaltning.

Vurdering:

Dei overordna måla vedtatt i 2014 vil framleis vere gjeldande. Dokumentet «Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023» er ei evaluering av måloppnåing for 4 utvalde delmål til dei overordna måla, og inneheld råd om korleis bestanden bør forvaltast for å nå desse delmåla.

Vindafjord kommune vedtok 28.08.2018 følgjande innspel til utkastet: *Vilt- og fiskeutvalet meiner utkastet er godt gjennomarbeidd og at det kan verte eit godt styringsverktøy i arbeidet med å nå måla for hjorteforvaltninga.*

Rådmannen rår til at Vindafjord kommune vedtar å nytte «Forvaltningsmål for hjorten på Haugalandet 2018-2023» som styringsverktøy for forvaltninga av hjort i kommunen.

Vedlegg:
Forvaltningsmål hjort